



Notat

Til:

Kriseleiinga

Compilo

Vår ref:
2020/228-80Sakshandsamar:
Aud Sunniva Fuhr,
aud.sunniva.fuhr@valle.kommune.noArkivkode:
X26Dato:
16.08.2021**REFERAT FRÅ MØTE I KRISELEIINGA 06.08.2021**

| | |
|----------------|---|
| Møtestad: | TEAMS |
| Møtetidspunkt: | 06.08.2021 kl. 09.00 |
| Desse møtte: | Aud Sunniva Fuhr, Benedicte Severinsen, Solveig Kyrvestad, Torleif Homme og Gunn Marith Homme |

| Nr. | Sak | Ansvar | Frist |
|-----|---|--------|-------|
| 1. | <p>Status</p> <p>Det har vore ein ny smitta med folkeregistrert adresse i Valle, men vedkomande bur ikkje i kommunen. Ingen i karantene.</p> <p>Det er svært viktig at alle følgjer smittevernreglane for å halde smitten nede.</p> | | |
| 2. | <p>Skule og utdanning</p> <p>Oppstart av skule på grønt nivå. Kommuneoverlegen sender ut informasjonsbrev til føresette.</p> <p>Elevar/ studentar og evt. Andre som oppheld seg i Valle over lenger tid skal få tilbod om dose 2 i Valle og må ta kontakt med sentralbordet på telefon 379 37 500</p> | | |
| 3. | <p>Idretts, fritids- kultur og livssynsarrangement</p> <p>Nasjonale føringar som gjeld.</p> <p>Alle har eit ansvar for sjølv å halde seg oppdatert med kva for reglar som er gjeldande.</p> | | |
| 4. | <p>Sosial kontakt</p> <p>Skal ein møtast så gjeld nasjonale føringar.</p> <p>Retningslinene for bruk av møterom vil bli endra frå veke 33.</p> | | |

| | | | |
|----|--|--|--|
| 5. | Reiser Kommunalt tilsette skal avgrense reiseaktivitet i jobbsammenheng til det mest naudsynte. | | |
| 6. | Heimekontor for kommunalt tilsette Hovudregel er at alle som kan bør ha heimekontor. Leiarane vurdere heimekontor for si avdeling. For andre så er det nasjonale tilrådingar og reglar som gjeld . | | |
| 7. | Neste møte vert i starten av september | | |
| 8. | Rapporteringar. Det blir sendt inn 3 rapportar kvar veke. | | |
| 9. | Vaksinering Vaksinasjon er vegen ut av denne pandemien og vi er svært glade for at befolkninga viser stor interesse for vaksine. Alle innbyggjarane i kommunen over 18 år skal ha fått første vaksina. Dersom du ikkje har vorte innkalla, ber vi om at du kontaktar sentralbordet på telefon 379 37 500. Førebels blir det gjeve tilbod om vaksine ned til 18 år, men det blir vurdert av myndigheitene om alle over 12 år skal få tilbod om vaksina. Meir informasjon om dette følgjer når vi har det. Vaksina er gratis. Ein skal få tilbod om andre dose minimum 3 veker etter første dose. Du vil få innkalling til denne òg. Vaksinasjonen føregår på Bykle samfunnshus. Dette gjeld både for dei som skal få andregongsvaksine og førstegongsvaksine. Innkallinga kjem ca ei veke før på SMS. Det er svært viktig at du kontaktar legekantoret dersom du ikkje kan møta på oppsett tidspunkt eller at du ikkje ynskjer vaksine. | | |

Med helsing

Aud Sunniva Fuhr
Kommunedirektør